# Møtereferat

| | |
|---|---|
| **Møtetittel:** | Samarbeidsmøte Sju- stjerna og Helseføretak – Covid 19 |
| **Møtenummer:** | 2/2020 |
| **Møteleiar:** | Mona Ryste |
| **Referent:** | Gro Anette Frøystad Voldsund og Mona Ryste |
| | |
| **Dato:** | 25 .03. 2020 |
| **Tidspunkt:** | Kl. 10 00 – 1100 |
| **Stad:** | Skype |

| | Namn | Møtt |
|---|---|---|
| **Representantar** | Stian Endresen, PKO | X |
| | Rune Sjurgard, kommunedirektør vertskommune | X |
| | Gro – Anett Voldsund; Koordinator Sju stjerna | X |
| | Bård Dalen, Leiar for Sju-stjerna | X |
| | Karsten Vingen, Hareid | - |
| | Inger Lise Kaldhol, Volda | X |
| | Norunn K. Elde, Ulstein | X |
| | Asta Sileikiene, Sande | X |
| | Bjørn Martin Aasen, Herøy | X |
| | Cecilie Oppedal, Vanylven | X |
| | Unni Natås, Ørsta | X |
| | Randi Revheim, Klinikk Volda | X |
| | Jon Hjorthaug, Klinikk Volda | X |
| | Idunn Myklebust, Seksjonsleiar og OL | - |
| | Erlend Bae, seksjonsleiar Prehospital | X |
| | Rune Heggedal, Klinikk Volda | X |
| | Unni Skare, Fagavdelinga | X |
| | Hallgrim Myklebust | - |
| | Knut Nautvik, Klinikk Volda | X |
| | Palma Hånes, Klinikk Volda | X |
| | Mona Ryste, Klinikk Volda | X |
| **Andre deltakarar** | Britt Valås Viddal, medisinsk biokjemi | X |

| **Sak** | **Status/aksjonspunkt** | **Ansvarleg** | **Tidslinje** |
|---|---|---|---|
| Velkomen og informasjon | Mona ønskte velkomen og understrekte kor viktig | Mona Ryste | Møte ondag frå 1000 – |

# Møtereferat

| Sak | Status/aksjonspunkt | Ansvarleg | Tidslinje |
| --- | --- | --- | --- |
| Konstituering | god samhandling vil vere framover og presenterte mål for samarbeidsmøte<br>Innkallingslista var OK. Det er ønskeleg med vara slik at alle kommunane er representerte. Hareid deltok ikkje denne gong heller. Tre nye deltakar frå kommunane og to frå helseføretak: Kommunaldirektør frå vertskommune, Rune Sjurgard, Leiar rådmannsgruppa i sju-stjerne, Bård Dalen, og smittevern overlege i Herøy, Bjørn Martin Aasen. Helseføretak: Seksjonsleiar OL Idunn Myklebust og Seksjonsleiar Erlend Bae.<br>Møta vert på Skype.<br><br>Oppfølgingspunkt frå sist møte:<br><br>Vanylven har dialog om mogleg samarbeid med legevakt i Herøy og Sande, og nattlegevakt Volda.<br><br>Det er ikkje aktuelt å nytte legeressursar frå psykiatrien til legevakt (jf. retningsline om bierverv)<br><br>Behovet for å konferere ved innlegging i sjukehus, gjeld også ved utskriving. | Cecile Oppedal og samarbeidande kommunar<br><br>Legar i kommunar og sjukehus | 1100 inntil vidare. Oppfordring om å meld opp aktuelle saker til møta |

# Møtereferat

| Sak | Status/aksjonspunkt | Ansvarleg | Tidslinje |
|---|---|---|---|
| | Gjensidig konfereringsplikt. | | |
| Situasjonsbilete i kommunane | Sande kommune:<br>1 påvist tilfelle, innenlandssmitte. Isolert, og god smittesporing.<br><br>Volda Kommune:<br>3 påvist smitta, ukjent smittesporing på eine tilfellet.<br><br>Ørsta kommune:<br>5 påvist smitta. Siste innenlandssmitte.<br><br>Herøy kommune:<br>1 påvist smitta Planlegg kohortavdeling på tre ulike sjukeheimar, har sentralstyrt samordning av smittevern utstyr, smittevern stasjon på begge legesenter og legevakt, karantenereglar jf. FM og gode rutinar utarbeidd.<br><br>Vanylven kommune:<br>1 påvist smitta. Ukjent smittesporing. Jobbar med kohort avdeling og legevaktssamarbeid.<br><br>Ulstein kommune:<br>2 nye tilfelle påvist smitta, ukjent smittesporing. Jobbar med legevakt og avtalar med fastlegane. | Asta Sileikiene<br><br><br><br><br>Inger Lise Kaldhol<br><br><br><br><br><br>Unni Natås<br><br><br><br><br>Bjørn Martin Aasen<br><br><br><br><br><br><br><br><br><br><br><br><br>Cecilie Oppedal<br><br><br><br><br><br>Norunn Kirkebø Elde | |

# Møtereferat

| Sak | Status/aksjonspunkt | Ansvarleg | Tidslinje |
|---|---|---|---|
| | <u>Hareid kommune:</u> Kommuneoverlege Ulstein melder om gode system for felles legevakt. | Ingen representant | |
| Situasjonsbilete i HF | Palma orienterte om situasjonsbilete HMR og Volda sjukehus,)<br><br>HMR har 2 tilsette påvist smitta, 3 pasientar og 217 i karantene. Ingen påvist smitta innlagt ved sjukehuset i Volda pr. d.d. Riggar seg for det som kjem. Er elles lite innleggingar akutt, og det vil kome ei mediesak om å nytte sjukehuset som vanleg. Orientering til fastlegar at akuttpasientar går som planlagt og at ein ikkje skal drøye med innlegging. | Palma Hånes | |
| Situasjonsbilete intensiv | Normalt 8 senger, derav sett av 4 sengeplassar til kohortavdeling. Kan utvide ved behov (nytte dag kirurgien) Har 3 respiratorar, får 3 til i juni. Aktuelt å låne med sjukehuset i Ålesund ved behov. Riggar seg med opplæring i høve respiratorbruk til andre legar på sjukehuset. | Rune Heggedal | |
| Transport av Covid 19 prøver til Molde | Transportrute frå Ulstein legesenter kl 13.30 vert | | |

# Møtereferat

| Sak | Status/aksjonspunkt | Ansvarleg | Tidslinje |
|---|---|---|---|
| | utvida slik at Herøy, Sande og Vanylven kan kople seg på. Eventuelt må prøver vere komne til Volda sjukehus innan 17.30. Kontakt Britt dersom dette er aktuelt.<br><br>Frå Volda går det to gongar pr. dag kl. 0930 og kl. 1730.<br><br>Testar i påska må til Volda. Britt undersøkjer om transportruta kan gå om Ytre Søre. Det er ønskeleg og nødvendig med testing i påska | Britt Valås Viddal Brit.Valaas.Viddal@helse-mr.no | |
| Testaktivitet i påske | Molde ønskjer rigge seg for påska, og antek det vil vere behov for test også då. Dei analyserer 400 prøver pr. dag, og kan ha ope kvar dag i påska om det trengs.<br><br>Prøver må vere komne til Molde innan kl 20, for sortering og prioritering utifrå kliniske opplysningar på prøvene. | | |
| Konferering/ Støtte i vanskelege avgjersle | Utfordringar knytt til Covid 19 kan føre til vanskelege etiske val for legane. Intensiv avdelinga er tilgjengeleg for fagleg støtte ved behov. Særskilte utfordringar kan bli sendt vidare til klinisk/etisk | | |

# Møtereferat

| Sak | Status/aksjonspunkt | Ansvarleg | Tidslinje |
|---|---|---|---|
| | komité (KEK).<br><br>Rår til at palliativ plan vert oppdatert for alle pasientar ved omsorgssenter. Viktig beslutningsstøtte for legevakta.<br><br>Etter innspel frå Vanylven vert Vurderingsstøtte, Clinical Frailty sendt ut saman med referatet. | | |
| Rett pasient på rett plass til rett tid | Volda og Ørsta riggar seg for kohortavdeling på gamle Nilletun. Vanskeleg å sjå føre seg kva pasientar det vil bli behov for å avlaste sjukehuset med. Lik praksis som med andre utskrivingsklare? | Inger Lise Kaldhol | |
| Smittevernutstyr | Framleis behov for å vere restriktive med smittevernutstyr.<br><br>Nokre kommunar har innført sentral styring av smittevernutstyr for å koordinere best mogleg. | Unni Skare | |
| Orientering om rhesonativ injeksjon | Pasientar ønskjer ikkje kome til sjukehuset for å få injeksjon. Jordmødre i Ørsta og Volda har tatt på seg oppgåva. Eventuelt vert dette ei fastlegeoppgåve. | Stian Endresen | |
| Legevakt/legebil | Det er etablert legebil på | | |

# Møtereferat

| Sak | Status/aksjonspunkt | Ansvarleg | Tidslinje |
|---|---|---|---|
| | Søre Sunnmøre ettermiddagar og kveld, og på nattlegevakta. Nattlegevakta i Myrvåg skal ikkje rykke ut.<br><br>Vurdere behov for legevaktsbil på ytre søre også på ettermiddag/kveld? | Bjørn Martin tek kontakt med Jørn Kippersund eller Lars Erik Sjømelling. | |